



Statens vegvesen

NVE Konesjonsavdelingen
postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Hilde Gunn Stenseth / 56520207

Vår referanse:
17/155129-2

Dykkar referanse:
201700558-4

Vår dato:
01.11.2017

Statens vegvesen sin uttale – Hardanger Energi AS – Søknad om løyve til å byggje Folkedal II kraftverk i Granvin herad i Hordaland – Høyring

Viser til høyring me har fått tilsendt frå dykk.

Statens vegvesen uttaler seg med bakgrunn i rolla som vegadministrasjon for fylkeskommune i fylkesvegsaker, samt statleg fagorgan med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for mjuke trafikantar, universell utforming og miljøulemper knytt til veg- og vegtrafikk. I dette tilfellet er det forholda knytt til fylkesveg (Fv.) 7 som er av særleg interesse for oss.

Av det me kan lesa i dokumenta i saka vil all tilkomst til anlegg i Folkedal gå via kommunal veg til Øvre Folkedal. Alle bygg/installasjonar vert liggjande meir enn 50 meter frå Fv. 7.

I Kvanndal vil tilkomst til området skje med helikopter, eventuelt via veg til Svortetjørn. Alle bygg/installasjonar vert liggjande meir enn 50 meter frå Fv. 7.

Statens vegvesen har, under ovanfor ståande føresetnader, ingen merknader til søknad om løyve til Folkedal II kraftverk.

Dersom det skulle oppstå situasjonar som krev endra tilkomst, flytting av bygg/installasjonar og liknande minner me om at dette kan krevje særskild søknad om løyve.

Plan & Forvaltning
Voss og Hardanger

Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth
Senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Granvin herad, Postboks 13, 5733 GRANVIN

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN